



NORLI JUNIOR

LESEKONKURRANSE!

For 1.-7. klasse

15. september
– 5. desember

Kva er lesekonkurransen?

Målet med Norli Junior Lesekonkurranse er å gi elevane ein eksplosiv rakettfart på lesinga! Tidlegare har 50 000 born frå nesten 3000 klasser delteke i konkurransen, der dei las 100 millionar sider til saman.

Lesekonkurransen er nesten som eit dataspel, med «levels» og trofé, og arrangerast av Norli bokhandel i samarbeid med fleire forlag.

Korleis melde seg på?

- Konkurransen startar 15. september. Læraren kan melde på klassen på norlijunior.no frå og med skulestart.
- Lærarar og elevar kan logge inn med Feide.
- På norlijunior.no kan elevane lage ein elevprofil. Her skriv ein opp alt ein les.
- Læraren gir eleven ein kode. Denne må eleven bruka for å bli med i klassen.

Mål og konkurranse er gøy!

- Klassa les seg frå nivå til nivå, og vinn diplom. Klasser som les 200 sider per elev, får diplom.
- Alle klasser som les 800 sider per elev, får liten klassepokal.
- Alle klasser som les 3000 sider per elev, får klassepokal.
- Noregsligaen: Klassa som les mest i Noreg, vinn ein stor Noregspokal og 2000 kroner.
- Klatetrinnsligaen: Klassa som les mest på kvartklatetrinn i Noreg, vinn 2000 kroner. Om fleire klasser les like mykje, får alle premie.
- Fylkesligaen: Klassa som les mest i kvart fylke, vinn fylkespokal og 2000 kroner.
- Språkligaen: Klassa som les bøker på flest forskjellige språk, vinn pokal og 2000 kroner.
- Superligaen: Born som les bøker med mykje tekst får bonus. Les elevane bøker med minimum 27 linjer per side, kan læraren gi bonus på 20 % ekstra sider. Klassa som les flest sider med bonusbøker vinn pokal og 2000 kroner.
- Skuleligaen: Skulevinner-pokal delast ut dersom minimum fem klasser på skulen deltek, og vinnar klassen har lese minimum 3000 sider per elev.
- Kommuneligaen: Kommunar som ønskjer å halde eigen konkurranse internt i kommunen, kan få eiga resultatliste. Kontakt norlijunior@norli.no for å få oppretta kommuneliste.



Dette kan elevane lese og registrere:

Les det du vil! Bøker lesne i perioden 15. september – 5. desember kan skrivast opp.

- Kun sider lest frå og med 15. september tel med i konkurransen.
- Vi oppmodar borna til å lese bøker på sitt nivå. Ein sterk lesar bør t.d. ikkje lese bøker med lite tekst, for å få mange sider.
- Elevane kan lese bøker/e-bøker på alle språk; romanar, faktabøker og teikneseriebøker.
- Lydbøker og høgtlesing – dette registrerast som lesne minutt.
- Leselekser frå skulebøker som naturfag, geografi og liknande skal ikkje registrerast. Unntak! Dersom t.d. ei novelle er trykt i ei skulebok, kan denne registrerast.

Føresette må hjelpe til

Hjelp borna å registrere bøker om det trengst.

Viktig! Mange tusen born legg ned ein enorm innsats under lesekonkurransen. Det er derfor viktig at konkurransen er rettferdig og at ingen juksar. Vi ber om at både foreldre og lærarar understrekar for borna kor viktig det er å ikkje jukse. Juks reknast som; å skrive opp bøker ein ikkje har lese, og å registrere for mange sider.

Vekas forfattar

Kvar veke vil ein aktuell barnebokforfattar dukke opp på Norli Junior, fortelje om bøkene sine, arrangere konkurransar og motivere til lesing. Forfattarane vil hjelpe borna å finne sin indre lesehest.

Premiane delast ut i januar/februar 2026

**Lykke til i årets
lesekonkurranse
– dette vert kjekt!**



KONKURRANSEPERIODE:
15. september — 5. desember 2025